



# Valldal Idrettslag

## Styremøte Valldal IL Torsdag 24. september 2020 kl 19.30 Klubbhuset – Omenås

Einar Hoel, Trond Håvoll, Ellisiv Jarvik, Odd Lennart Vikene og Anne Nygård

Fotball v/varamedlem Cato Heggen

Friidrett v/Magne Eivind Glomnes

Ski v/Jan Ole Fuglem

Trim v/Oddbjørn Myklebust

Disksport v/Richard Moen

Sakliste -

### 32/20 Informasjon frå gruppene og hovudstyret

- Leiar har vore på jubileumsfesten til Eidsdal Idrettslag
- Vi har fått svar frå Fjord kommune etter klage på manglande støtte
  
- Kontrollutvalet – leiar leste brevet frå kontrollutvalet der det går fram kva opplysningar som kontrollutvalet treng
- Møte med kasserarar, kontrollutval og rekneskapskontor 10. september
- Søknad om kompensasjon for avlyste arrangement, totalt kr 198.000.

Disksport: Har fått utkastskilt, fem deltararar på NM i Klæbu, god deltaking i Jemtegård Open, har kjøpt klubbdiskar

Ski: har starta aktivitet etter ferien, rulleskiaktivitet på Høvleriet, skiskyttartrening på Krikane, ein skiskyttar med godt resultat i junior NM

Friidrett: Dei har nettopp avslutta aktivitetane, siste arrangement hadde utdelt 53 startnummer

Fotball: Kom i gang med aktivitet i august

Trim: 78 personar som har brukt georeg

### 33/20 Tilsetting dagleg leiar

Som det tidlegare er sendt informasjon om var det ein søkjær då søknadsfristen gjekk ut for stillinga som dagleg leiar, Olav Løvoll.

Gruppa som var oppnemnd på førra styremøte har hatt samtal med Olav Løvoll og innstiller på at han får tilbod om å tilsetting i stillinga

Til styremøtet vert det lagt fram eit notat med forslag til vilkår for tilsettinga, og også ein oversikt over aktuelle arbeidsoppgåver som bør takast inn i ein arbeidsinstruks.



# Valldal Idrettslag

Leiar la fram eit notat med forslag til vilkår for stillinga og kva oppgåver som kan leggast til stillinga. Lista vart gjennomgått. Styret var einige om å tilby Olav Løvoll stillinga, der vi tek utgangspunkt i dei vilkåra som var tatt med i notatet.

Vedtak:

1. Olav Løvoll vert tilbuddt stilling som dagleg leiar i 30 % stilling frå 1.10 i samsvar med vilkår i notat.
2. Olav Løvoll vert friteken som medlem i kontrollutvalet

## 34/20 Fastsetting av ekstraordinært årsmøte

På årsmøtet i juni vart det gjort vedtak om å arbeide vidare med planane om skistytтарstadion på Krikane og turløyper/reservertløyper for langrenn. I same saka vart det vedteke at før det vart sendt søknad om spelemidlar, skal det kallast inn til ekstraordinært årsmøte for godkjenning av planane med kostnader, finansiering og driftsplan.

Dersom det skal søkjast spelemidlar for anlegget i 2021, må denne sendast inn seinast 15. oktober til Fjord kommune.

Det vert difor sett fram forslag om at det vert kalla inn til ekstraordinært årsmøte onsdag 14. oktober. Slikt årsmøte skal kallast inn med minst 2 vekers varsel etter vedtak i styret.

Styret skal har førelagt planane til behandling og innstilling på eit styremøte, ei veke før ekstraordinært årsmøte.

Vedtak om å kalle inn til ekstraordinært årsmøte tysdag 13. oktober klokka 20:00.

To saker:

Skiskyttaranlegg på Krikane

Suppleringsval til kontrollutvalet

## 35/20 Støtte til Tettstadsutvikling i Valldal

Idrettslaget har til tider vore litt involvert i arbeidet med tettstadsutvikling i Valldal. No er planane komne så langt at det er klart på å sette i gang arbeid med kaia og området frå ferjekaia og forbi gatekjøkkenet. Fjord kommune og Møre og Romsdal fylke har løyvd om lag 2 mill kroner kvar. For å få utbetalt midlane frå fylkeskommunen, må det private, organisasjonar og bedrifter bidra med om lag 1,8 mill kroner. Førebels er det innsamla om lag halvparten. Valldal idrettslag har brukt området til olsokarrangement i 30 år. Det kan difor vere på sin plass at vi gjev eit bidrag til fornying av området. I kva grad området er eigna for olsokarrangement i framtida står att å sjå. Det vert i denne omgang antyda eit beløp mellom 5.000-10.000 kroner.

Vedtak om å gi kr 10.000 i støtte for Tettstadutvikling i Valldal.

## 36/20 Rullering av handlingsplanen for idrettsanlegg

Fjord kommune har bede om innspel til nye anlegg som bør stå i handlingsplanen for idrettsanlegg og nærmiljøanlegg. Dette gjeld for 2021 og det vil ikkje vere mogeleg å søkje om spelemidlar til anlegg som ikkje er tekne med i planen. Kopi av noverande plan ligg ved, i



# Valldal Idrettslag

tillegg kjem også anlegg i tidlegare Stordal inn i planen. Er det noko tankar om anlegg som bør vere med, og det gjeld også vidare utover frå 2021.

Det kom ikkje fram nye forslag. Styret vedtok å ikkje sette opp nye anlegg på lista.